

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Fonna HF

DATO: 23.05.19

FRÅ: Administrerende direktør

SAKSHANDSAMAR: Haldis Ø. Lier

SAKA GJELD: Årsmelding Kvalitetsutvalet , Helse Fonna 2018

STYRESAK: 22/19

STYREMØTE: 23.05.19

Administrerende direktør si orientering pkt.5

1 vedlegg

Årsmelding Kvalitetsutvalet Helse Fonna 2018

Lovgrunnlag og plass i organisasjonen

Helseinstitusjonar som er omfatta av spesialisthelsetenestelova skal opprette kvalitets- og pasientsikkerhetsutval som ledd i det systematiske arbeidet med kvalitet og pasientsikkerhet (lov om spesialisthelsetjenesten §3-4).

Kvalitetsutvalet er eit rådgjevanda utval for linjeleiinga.

Målsetting

Kvalitetsutvalet skal vera eit verkemiddel i arbeidet med å fremje tryggleik og kvalitet på helsetenestene. Kvalitetsutvalet skal stimulere til førebyggjande og kvalitetsfremjande arbeid i pasientretta tenester i føretaket.

Kvalitetsutvalet skal vere informert om og følge kvalitetsfremjande arbeid i føretaket. Utvalet skal óg gjennomgå eigna rapportar jamleg (dømevis rapportar frå avvikssystemet Synergi, rapportar frå NPE og Helsetilsynet). Utvalet skal arbeide for god meldekultur ved pasientskader og næruhell, bidra til at avvik vert følgde opp og brukte i førebyggjande arbeid. Ein gong i året skal kvalitetsutvalet planlegge og gjennomføre ei fellessamling om kvalitet (kvalitetsdag).

Organisering

Helse Fonna har eit felles kvalitetsutval. Utvalet er sett saman av ein representant frå kvar klinikk, representant frå smittevern, brukarrepresentant, kvalitets- og pasientsikkerhetssjef og fagdirektør. Det er krav om at det skal vere minimum to legar. Utvalet har ein representant frå område med spesifikt risikobilete. I 2018 har fagområdet prehospital teneste vore prioritert.

Ansvar for behandling av enkeltsaker som gjeld pasientskader og næruhell som kunne ført til pasientskader er lagt til linjeleiinga som óg sørgjer for analyser av årsakssamanhengar og gjennomfører forbetringstiltak i eigen seksjon og klinikk. Klinikkdirktør skal informere kvalitetsutvalet om sakene, slik at utvalet kan analysere systemsvikt og bidra til læring i heile organisasjonen.

Medlem i Kvalitetsutvalet 2018

Haldis Økland Lier, fagdirektør, leiar

Tomas Jonson, Kvalitets- og pasientsikkerhetssjef

Laila Stensletten, brukarrepresentant

Randi Ofstad, smittevernoverlege

Evabeth Roseth Bruvoll, representerer Klinikk for Medisinsk service og beredskap

Ralf Teetzmann, klinikcoverlege, representerer Klinikk somatikk Stord (vår)

Bodo Gunther, seksjonsoverlege, representerer Klinikk somatikk Stord (haust)

Bjørn Egil Vikse, klinikcoverlege, representerer Medisinsk klinikk

Ingrid Camilla Aasebø Heggland, psykologspesialist, representerer Klinikk for psykisk helsevern
Beverly Braatveit, sjukepleiar og funksjonsleiar, representerer Kirurgisk klinikk
Nelly Karin Særsten Oma, ambulansesarbeidar, representerer prehospital teneste
Kristin Ingvaldsen Folven, sekretær for utvalet

Samla rapport 2018

Kvalitetsutvala har hatt 11 møte à 2,5 timar i 2018. Det har jamt over vore godt oppmøte.

Møtereferat er gjort tilgjengelege på intranett og blir lagt fram som orienteringssak til føretaksleiinga.

Fortløpande rapporteringar frå klinikkrepresentantane

Pasientskader og næruhell vert melde i avvikssystemet Synergi. Før kvart møte blir det teke ut rapportar over pasientrelaterte saker for kvar klinikk, inkl. saker som er melde til helsedirektoratet (Spesialisthelsetenestelova §3-3) og saker der tiltak er skissert. Fleire av sakene som er meldte i synergi har ført til konkret forbetningsarbeid. Eit døme er

I 2018 har kvalitetsutvalet invitert inn klinikkdirektørane til å delta i eitt møte der det er særskilt fokus på kvalitet i den aktuelle klinikken. Leiar i kvalitetsutvalet har i forkant oppsummert meldte hendingar dei siste månadane, og klinikkdirektør har orientert om arbeid med kvalitet i klinikken.

NPE-saker og tilsynssaker

Kvalitetsutvalet går gjennom eit utval av NPE og tilsynssakene som har vedtak.

Kvalitetsblogg

Leiar i kvalitetsutvalet har sidan oktober 2017 jamleg skrive blogg om aktuelle saker i kvalitetsutvalet. I 2018 vart det publisert 11 «bloggar». Bloggen blir publisert på intranett og sendt på e-post til alle medarbeidarane. Målet er å informere om kvalitetsarbeid og gjere nye retningslinjer og prosedyrar kjent.

Kvalitetsdag og kvalitetspris 2018

Det er ikkje gjennomført kvalitetsdag i 2018.

Kvalitetsprisen blei delt ut under styremøtet 29. november. Søknadene var vurderte etter fastsette kriterier av ein komité med eit eksternt (tidlegare kvalitetssjef i Helse Vest) og eit internt (Kvalitets- og pasientsikkerheitssjef) medlem. Det var mange gode søknader også i 2018.

I 2018 var vinnaren Barneavdelinga for sitt arbeid med å betre regulering av diabetes hos barn.

Haugesund, april 2019

Haldis Økland Lier
Leiar, Kvalitetsutvalet